

Inseminering i praksis

Start i god tid (minst 3 uker) før inseminasjonsesongen og noter ned brunstaktivitet og blødning på alle dyra. Dette vil vera til god hjelp når sesongen starter. Ein vil då tidlegare kunne fange opp dyr som ikkje syner brunst og få desse sjekka av veterinær.

Før ein startar inseminasjonsesongen må ein forvissa seg om at dei oksane ein har ønske om å nyttre er på plass i dunken. Dette gjer ein ved å avtale med hovudinseminøren. Dersom det er fleire som inseminerer i besetninga kan det vera aktuelt å lagre sæden i eigen dunk på garden. Husk etterfylling av nitrogen.

Ynne/handtering

Dyr som blir handtert til dagleg vil vera lettare å få inseminert. Risikoien for spark er og mindre når dyra er vane med folk. Dyr med dårleg lynne bør slaktast.

Fasilitetar for inseminering og brunstkontroll

Dette er eit svært viktig punkt med tanke på godt inseminasjonsresultat og sikkerheit for inseminør og eigar.

– Inne

For mange er det enklaste å inseminere dyra inne før beiteslepp dersom det passer med ønska kalvingstidspunkt. Dersom dyra går i bingje skal det vere mulighet til å sette fast alle dyra samtidig. Det skal ikkje vera fleire dyr i bingen enn det er fangplass til. Overtallige dyr vil kunne utgjera ein fare for inseminøren i bingen. Eit fanggitter som er i orden er bra.

Dyr som står på bås skal ha gode bås skilje og halsband som ikkje er for lange. Dette for å unngå at dyra beveger seg for mykje ved inseminasjon. Det skal heller ikkje vera kurein over brunstige dyr.

Godt lys kopla til tidsbrytar er til god hjelp for brunstkontroll og for å forvissa seg om at dyra har ein lang nok dag.

– På beite

Dersom dyra skal inseminerast på beite er dialogen med inseminøren endå viktigare. Det vil ofte vera behov for at eigaren er tilstades når dyret blir inseminert. Inseminasjon i følingshekk og på beite krev god organisering og rolige dyr. Det er eigaren sitt ansvar at dyret står forsvarlig fast før inseminøren kjem på plass. Om nødvendig kan det vera behov for å ta dyra inn for å få det til.

Det beste systemet for inseminasjon på beite vil eg skildre nā. Når dette fungerer vil inseminøren kunna inseminera dyra åleine på beite uavhengig av eigaren. Det blir då lettare for begge partar med tanke på rett inseminasjonstidspunkt og fleksibilitet for inseminøren ved planlegging av inseminasjonsruta. Systemet er og veleigna til andre jobbar som drektighetskontroll, blodprøvar og behandling av dyr på beite som til dømes brunstsynchronisering, kalving og avhorning. Det blir meir aktuelt med slike system etterkvart som det blir meir vanleg med enkle og billege bygningar for kjøttfe.

Systemet består av tre deler.

1. Innhegning til å ta inn dyra i inseminasjonsboksen/behandlingsboksen. Dette er ein stor garde bonden driv dyra inn i, og som dyra kan stå i og bli føra til inseminøren kjem. Det er viktig at denne er stor nok til å få inn dyra. Er den for liten blir det ein flaskehals, og systemet vil ikkje fungere. Den kan lagas av ferdige grinder eller ein kan laga dei sjølv. Dette kan godt vera ein permanent innhegning på beitet. Til dette kan ein godt nytta eksisterande gjerde på

beitet. Dersom ein førar litt her vil dyra vera vane med å gå inn, det gjer jobben enklare.

2. Drivgang. Frå innhegninga blir dyra drive vidare til inseminasjonsboksen. Denne bør vera traktforma med muligheiter for å stoppa overtallige dyr og ei grind for å hindra at dyra stikk ut att. Lengda bør vera 6 til 8 meter og det skal berre vera plass til 1 dyr i breidda.
3. Inseminasjons-/behandlingsboks. Her er mange typar å velja i. Det viktigaste er at den har automatisk fengsling av dyret, det gjer det mulig for ein person å inseminere åleine. Dyret blir drive via drivgangen inn i boksen, her blir det fengsla og står klart til inseminasjon. Dersom det er ønskelig kan ein kjøpa ein meir avansert boks med muligheiter for klauvskjæring etc. Då går kostnaden opp.

For at inseminasjon av storfe skal bli vellukka må ein vera nøyne med brunstkontrollen. Det er ingen hensikt i å inseminera dyr som ikkje er brunstige. Legg tilrette for å observera dyra på avstand utan at dei ser deg. Det er viktig at observasjonen er eit eige prosjekt, det skal lite til for å uroa dyra slik at dei ikkje viser brunst. Föring er eit døme på slikt, dersom ein kjem med för vil dyra ofte ikkje visa riding og andre brunstteikn.

Lett identifisering er også viktig. Om nødvendig mål dyra med vannbasert måling slik at de ser kva dyr det er på avstand.

Drektighetsundersøk dyra etter kvart som dei er klare for det. Det er lettare å halde oversikten når det er færre dyr å sjå etter.



Drivgang fra innhegning.

Foto: Tjerand Lunde.



Inseminasjonsboks.

Foto: Tjerand Lunde.